

Åtte vart døypte same dag i 1993.

07.06.2017



Frå den store dåpsdagen i april 1993.

Ved neste gudsteneste i Uskedal kyrkje 18.juni skal 5 born døypast. Då vi melde om dette i ein notis nyleg, spurde vi om nokon visste om det hadde vore fleire døypt i ei og same gudsteneste tidlegare. Vi fekk god respons på dette, og det vart fort klar at det ikkje var rekord. 4.april 1993 vart heile 8 døypte i Uskedal kyrkje.

Under gudstenesta vart 6 dåpsborn, Silje M. Mathiesen, Margareth Sæle, Silje Bråtun, Ingeborg H. Lunde, Jeanette Bakke Handeland og Heidi Øyerhamn borne til dåpen. Ved ein dåpsseremoni like etter den ordinære gudstenesta vart dei to ungdommane Nita og Nisa Holmedal døypt.

På biletet over ser vi f.v. Jeanette på armen til mormor Martha Bakke, Ingeborg og onkel Arild Lunde, Margareth og far Jan Magnar Sæle, Silje M. og mor Britt Torill Mathiesen, Silje B og mor Kjersti Bråtun og presten Geir Styve heilt til høgre.

Som den vakne lesar heilt sikkert har registrert, var alle dei åtte som vart døypt jenter. No spørst det om nokon kjenner til gudstenester med fleire døypte i Uskedal kyrkje? Dette er vel truleg rekord!

Søndag 18. juni vert altså 5 born borne til dåpen. Det eit flott tal, og det er ekstra høgtid under gudstenester med barnedåp.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto utlånt av Kjersti Bråtun.